

# Glimt frå middelalderen gjennom eldste dokumenta frå Fræna

*Av Helge Sandøy*

## **1. Latinsk skrift**

Skrifta me brukar i dag, heiter latinsk skrift, og me skriv med det latinske alfabetet. Før det kom i bruk, skreiv folk i Norden med runealfabetet i stein, bein og tre. Men det var svært få som kunne å skrive. Den latinske skrifta blei teken i bruk i Norge og på Island kring 1050, og då begynte ein òg å skrive på pergament, altså skinn. Den nye skriftkulturen kom med kristendommen; og at ein her begynte å skrive på morsmålet, kjem av at me fekk kristendommen frå England og Irland, der ein hadde tradisjon for det. I Sverige og Danmark, som fekk kristendommen frå Tyskland, heldt dei "skriftlærde" seg til det latinske språket dei første par hundreåra.

Det første som blei skrive ned her til lands, var lover og viktige offentlege dokument. Men ingenting er bevart frå første tida. Det eldste me har oppbevart endå, er frå slutten av 1100-talet. Eine grunnen til at lite finst frå eldste tida, er sjølvsagt at det blei skrive mindre då. Men etter kvart som kyrkjeleg og verdsleg administrasjon blei bygd ut, fekk skriftspråket ein viktig funksjon, for heile maktapparatet var avhengig av disiplin. Skrivne dokument styrkte autoriteten åt systemet og sikra

ein samfunnsorden. Dermed blei meir skrive, og meir er bevart.

Utover 1200-talet blei det skrive dokument utafør den sentrale kyrkje- og statsadministrasjonen òg. Bøndene tok i bruk skrifta. Men det er først på 1300-talet me ser at dokumentmengda verkeleg veks, og då dukkar slike dokument opp frå Romsdal òg. Frå Fræna finst det to – ev. tre – dokument frå før 1500.


I dag er dei aller fleste av dei 20 000 gamle dokumenta frå sirka 1200 til sirka 1570 trykt i det store verket *Diplomatarium Norvegicum* (forkorta som DN), og dei er dessutan tilgjengelege på nettet på adressa [http://www.dokpro.uio.no/dipl\\_norv/diplom\\_felt.html](http://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html)

## 2. Første romsdalsdokumentet – ein fræning involvert i alle fall

I det aller første dokumentet frå Romsdal er det ikkje opplyst om nokon skrivestad. Men dokumentet er skrive 20. april i 1327. Det er kort og gjeld eit jordkjøp:

Pat se ollom monnom kunnikt at ek Skœrengr i Hiamluicum hæifir kæyft æyris bol iardar j Hia(l)muicum i nœrdsta gardenom af Arnbirne i Bœæy med iayrde Mald hans kono firir ii kyr ok iiii kua hest mezt hestr minna en fiorar kyr þa skal ek bæta honom so mykit sem hestr mezt minna. skilde Stæinar klerkr firir þesso kaupē hia verande Halkæli Kugs syni ok Ællingge Sygurs syne ok morghom odrom godom monnom ok afræide Skœrengr þessa aura sem adr sæigir Arnbinne i Bœæy a mana daghen næsta paska uicu a viii are vars vyrdulegs herra Magnusar med guds miskun Norex Sya ok Skane konongs.

På denne tida var det ikkje noko som heitte rettskriving. Det viktige var å få uttrykt på skrift det som skulle seiast. I dette dokumentet er det f.eks. brukt berre to punktum, og eitt ord kan vere skrive som to, og same ordet kan bli skrive på ulike måtar, osv. Me ser at til og med namnet Hjelvika er ikkje konsekvent skrive, og bokstavane har nok stokka seg litt for skrivaren. Dokumentet er skrive på skinn (pergament) og ser ut som på bildet nedafør. Ved første augekast er det ikkje så lett å lese denne skrifta, for det var skiftande motar i handskrifta i middelalderen òg; det ser ein av bilda i denne artikkelen. Men ved systematisk gjennomgang kan ein gjennomskode skrifta.



Bilde 1: Eldste dokumentet frå Romsdal, frå 1327 (DN III nr. 147)

På 1800-talet blei det laga ei «rettskriving» for norrønt, dvs. ei skriftform som representerer «gjennomsnittsspråket» frå sirka 1250. Etter denne norrøne rettskrivinga skal brevet ovafor sjå slik ut:

Þat sé þllum mǫnnum kunnugt at ek, Skøringr í Hjalmvíkum, hefir keypt eyris ból jarðar í Hjalmvíkum í nørðsta garðinum af Arnbirni í Bøey með jáyrði Maldar hans konu fyrir tvær kýr og fjögurra kúa hest. Metst hestr minna enn fjórar kýr, þá skal ek bæta honom svá mykit sem hestr metst minna. Skilði Steinar klerkr fyrir þessu kaupi hjáverandi Hallkelli Kúgssyni ok Erlingi Sigurðssyni ok mǫrgum ǫðrum góðum mǫnnum, ok afreiddi Skøringr þessa aura sem áðr segir, Arnbirni í Bøey á mánadaginn næsta páskavíku á áttunda ári várs virðulegs herra Magnúsar með Guðs miskunn Noregs, Svía ok Skána konungs.

Omsett til moderne norsk blir teksten som nedafor (med ei rekkjefølgje på orða som svarar mest muleg til slik dei står i originalen):

Det skal vere alle mann kjent at eg, Skjøring i Hjelvika, har kjøpt eit øyresbol med jord i Hjelvika i nørðste garden av Arnbjørn i Bøyna



med samtykke frå Mald, kona hans, for to kyr og ein hest til verdien av fire kyr. Blir hesten vurdert som mindre enn fire kyr, då skal eg gje han (dvs. Arnbjørn) i bot så mykje som hesten blir vurdert mindre. Steinar klerk hadde tilsyn med denne handelen, og desse var til stades: Hallkjell Kugsson, Erling Sigurdsson og mange andre gode menn. Og Skjøring betalte denne jorda til eit øyresbol slik som det før er sagt, til Arnbjørn i Bøyna måndagen nærast påskeveka i åttande året åt vår vørdelege herre Magnus, konge med Guds miskunn over Norge, svenskar og Skåne.

Det er usikkert kvar dette dokumentet eller kjøpebrevet er skrivne. Det er ikkje opplyst, og ettersom vitna ikkje er definert med gardsnamn, men berre med farsnamn + son (dvs. med patronymikon), kan me heller ikkje slutte oss til noko. Jordstykket som blir kjøpt, ligg altså i Hjelvika, og Veøya var næraste prestesetet. Difor er denne namneforma blitt tolka som skrivefeil for Veøy. Men denne Arnbjørn som sel jorda, bur på Bøøy, som det står i brevet, og i Fræna finst øya med det namnet, som seinare har fått bestemt form, altså *Bøøyna*. Det er urimeleg at eit brev som elles har så støre skrivemåtar av alle lydane, skulle innehalde to slike bokstavfeil i same namnet. (Namnet på øya lyder i dag *Bøyna* og bør skrivast slik.<sup>1</sup>) Skrivemåtar med *ø* var vanlege i eldre dokument (Rygh 1908). Namnet *Veøya* finst på mange dokument frå middelalderen, og det er aldri skrivne med nokon *ø*-lyd. Og korfor skulle dei skrive feil den tida då namna òg var lett forståelege? Folk på 1300-talet visste at *vé*- betydde 'heilag', og at *bø* betydde 'gard'.

Arnbjørn budde altså på Bøyna og åtte eit jordstykke så langt unna som i Hjelvika, dvs. at han måtte gå over Tussen og ta båt over Moldefjorden for å hente leiga for jorda. Sjølve jordstykket kunne han ha arva på eit eller anna vis. Kanskje har kona Mald ført jorda inn i fellesbuet som ein del av heimafylgjet, eller medgifta, og difor er ho òg nemnt i dokumentet. Nettopp avstanden frå Bøyna kunne jo for så vidt vere eit poeng for å kvitte seg med jorda. Men desse avstandane skal me ikkje legge stor vekt på, for i neste brevet me ser på, står det om at presten på Veøya kjøper eit jordstykke i Fræna. Det blei nesten like langt, men i praksis

---

1 Namneforma i dag er ei samandraging der første vokalen forsvinn: *Bøøyna* > *Bøyna*. (I store delar av Romsdal har *øy* gått over til å bli uttalt likt med *ei*, og dermed blir *Bøyna* uttalt likt med *Beina*.) N-en som kjem inn, er ein del av den bestemte forma av nokre hokjønnsord, jf. òg *Otrøyna* osv. «Beøya» på ein del kart er ein misforstått rekonstruksjon.



blei det sikkert gjort enklare med leigebetalinga, f.eks. at det blei ordna når folk treftest på Romsdalsmarknaden. Jordstykket det her er tale om i Hjelvika, har truleg vore på 250 kvadratmeter, eller eit kvart mål (jf. KLNLM under *øyresbol*). Sjølv om måleininga her er pengar, altså *øyre*, blei avgifta truleg betalt i naturalia, dvs. i fisk eller smør.

Seljaren kom altså frå Bøyna, og difor tek me brevet med her, men kjøparen kom frå Hjelvika, og han er eg-personen i brevet i første linja. Men han har neppe vore skrivekyndig, slik at det er klerken Steinar som har formulert dette dokumentet; det var ein del av tilsynet hans med handelen. Det blir avslørt òg ved m.a. at det står «Mald, kona hans» og ikkje «Mald, kona mi» rett etter. Omstendigheitene kring dokumentskrivinga kjenner me ikkje til, men handelen og skrivinga kan ha skjedd under ein marknad der mange var samla slik at ein fekk gode vitne.

### 3. Skrivekunsten

Ein skriftleg tekst hadde som mål å sikre ein avtale for framtida, og oftast gjaldt det handlar om jordstykke. Detaljane i sjølve handelen kjem presist fram, og det er lagt spesiell vekt på korleis verdien på hesten skal tolkast. Dessutan er vitna viktige, altså kven som var til stades når avtalen blei laga. Dei viktigaste blir nemnt med namns nemning, og desse gjævaste er endåtil utrusta med private seglformer slik at dei lagar seglet sitt i voks og hengjer det under brevet, som me ser av bildet. (Hine vitna er berre kalla 'gode menn'.) Eine seglet er falle bort frå dette dokumentet, som ein kan sjå.


Dermed er dette blitt eit offentleg dokument med alle formalitetar og symbol på plass slik at det er tydeleg at det er alvorleg å bryte denne avtalen. Dei fleste dokumenta me har bevart, har slik juridisk funksjon, og denne funksjonen gjorde sjølvstøtt òg at det var ekstra viktig å ta vare på dokumentet, for det er beviset på eigedomsretten i ettertida. Eigedomsspørsmål har alltid skapt konflikhtar.

Han som har skriva brevet, kallar seg Steinar klerk. Han veit me ikkje meir om, men tittelen klerk viser til at han var ein boklærd hjelpesmann. Klerkar kunne stå under presten i kyrkjesoknet, men denne nemninga blei òg ofte brukt om slike som hadde arbeid som skrivarar i den ikkje-kyrkjelege administrasjonen (Helle1964: 190 og 1972: 410).

#### 4. Før svartedauden

Nest eldste Romsdals-dokumentet blei i alle fall skrivi i Fræna, nemleg i Vågøya 28. januar i 1336. Me er altså ni år etter første dokumentet, men framdeles før svartedauden. Dokumentet lyder slik (etter DN IX nr. 105):

Ollum mannum þeim sem þætta bref sia eda høyra senda Hermunder prester j Bag oey Gunnar .a. Sande Rognalder a Iondeimum Olafer a Hedens stadum q. g. ok sina kunnikt gerande at þar varom mer ihia i stofonne (j) Bagøey sunu dagen nesta firi kyndils mæsso a xvii are vars virdulegs herra Magnusar med guders miskun Norikx Suia ok Gota konogs at Benedict prester Eirikx son kœypti ii aura bol i Haukase af Eirike Sueins syni frials ok heim holt firi huerium manne vttan gars ok innan med ollum þeim lunnendum er til ligia ok legett hua fra nyu og forno til allda odals ok efuelegrar eignar var sua Eilin Haldors doter kona fyr nems Eirikx i handa bande sem Eiriker lukuz þa aller aurar i hender ok til sannynnda her vm settom ver vor insigli firi þætta bref er gort var a degi ok are sem fyr segir hiaverandum Anbinni prest syni Kolbeini a. Hoeimi Nikulase a Eideimi ok morgum odrum godom monnum.



Bilde 2: Vitnebrev frå Vågøya frå 1336  
(DN IX nr. 105)

Gammelt frå Fræna 2006



Og omsett nokså ordrett blir det slik:

Til alle menn som dette brevet ser eller høyrer, sender Hermund prest i Vågøya, Gunnar på Sande, Ragnvald på Jendem og Olav på Hestad Guds og si helsing, og gjer kjent at der var me til stades i stua i Vågøya søndagen nærast før kyndelsmesse i syttande året åt vår vørdelege herre Magnus med Guds miskunn konge over Norge, svenskar og gotar, og at Benedikt prest Eiriksson kjøpte to øyresbol i Haukåsen av Eirik Sveinsson fritt og med alle rettar overfor kvar person i utmark og innmark med alle dei gode som ligg til og har lege til [jorda] frå ny og gammal tid som uforanderleg eige til æveleg tid. Var også Eilin Halldorsdotter, kona åt den førnemnte Eirik, med i avtalen likeins som Eirik. Blei så alle pengane betalt. Og til stadfesting på dette sette me seglet vårt på dette brevet, som blei skrive den dagen og det året som før er sagt, og til stades var Arnbjørn presteson, Kolbein på Hoem, Nikolas på Eidem og mange andre gode personar.

Me kan legge merke til at det her òg er ei kvinne med i avtalen! Og no er det tale om eit jordstykke på 500 m<sup>2</sup> (altså to øyresbol).

Dette dokumentet er mykje meir forseggjort enn det første me såg på, når det gjeld forma. Hermund prest har tydeleg vore meir utlært enn klerken Steinar i kunsten å formulere dokument. Ein kan nemleg sjå av middelalderdokumenta at dei er svært like i sjølve oppsettet og i formuleringane. I middelalderen – som for så vidt i dag òg – fanst det uoffisielle reglar for korleis dokument skulle sjå ut. Desse formulara stammar frå romersk tid, og tradisjonen breidde seg til Norden nettopp med skrivekunsten og kristendomen. Når ein har lese ein del slike brev, ser ein fort at dei er svært formelprega, og ovafor er formlane som ofte går att, skravert. Symbolsk sett har det nok vore viktig med desse formlane, for det ligg makt i å bruke slik stil. Hermund meistra dette maktspråket. Me ser at det er lite igjen som er ein heilt fritt formulert tekst. Men dei «frie» bitane er det mest konkrete om akkurat denne avtalen.

Hermund kunne altså skrivekunsten, og den hadde han nok lært i presteutdanninga. Men han har kanskje ikkje kunna så mykje teori om skrivekunsten; prestar og klerkar lærte seg å bruke andre tekstar som forbilda og tenkte ikkje meir på sjangeren. Så Hermund prest hadde truleg henta fram eit anna vitnebrev, lagt det framfor seg på bordet i pretestova i Vågøya og brukt det som mønster då han formulerte dette

nye. Gunnar på Sande, Ragnvald på Jendem og Olav på Hestad sat kring bordet, beundra den lærde mannen med fjørpenn og den fint garva skinnlappen på bordplata. Det tok nok si tid å få heile teksten klar, og pennen måtte dyppast mange gonger i det heimelaga blekket. Sjølve følte dei seg som viktige personar; dei hadde tiltru i samfunnet, og her sat dei klare med dei private seglformene sine for å støype vokssegla fast i skinnreimane nedst på brevet. Slik viste dei fram at dei var ikkje kven som helst.


### 5. Etter svartedauden

76 år seinare, den 14. september i 1412, var det samla ein del folk i Stavika, f.eks. til tingmøte; der blei dette dokumentet (DN X nr. 117) skriva – og denne gongen òg på skinn:

Ollom monnom þeim sem þetta bref sea eder hoyra sender Andres Prondason Sigurda Ionson ok Særquir Jfwaarson q. g. ok siina kunnukt gerande at þær waaro meer j hia hii Stafwiik er liggar hii Fræna atungh ok j Wagøy kir(k)io sokn a krossmesso dagh vm haustet ok a fiorda aare ok tyttogha rikiis waars wyrdalekx herra konongh Eirik medar gudes naad Noreges Suea ok Dana konongar sagom ok hørdom a at Gudriid Halsteins doter kendes þes fører os at Prondar Eirikson hennæ bonde selde Haltkelle Ionsyni half fimta øyres booll iardar j Myrabostader medar tunom ok tuftom holt ok hagma wotn ok weide- stod ok mæder ollom þeim lutom ok lunnendom sem vnder ligia ok leget hafua fra forno ok nyio vtan gards ok innan frialsa heimholla ok akeralausa fører huarium manne vndan forre nempdom Þronde Eirik syni ok hans erwingia: ok vnder adernemdan Halkell Ionson honom till alda odals ok æwerdalegha eignar ok hans erwingia efter han: kendes ok Gudriid Halsteins doter at oftnemdar Haltkell hafde loket fyrstan þæningh ok seinasta ok alla þer j mellom efter þy sem j kaup þeirakom till santz witnisburdar hervm setto meer waar jncigle fører þetta bref er giort war a deghii ok aare sem forre seghir.

Skinnbrevet ser slik ut i fotografisk gjengjeving, og her ser me at det i si tid har hange tre segl, for reimane til å hengje dei i, sit endå fast:





Bilde 3: Skimbrevet frå Stavika frå 1412 (DN X nr. 117)

I omsetting ser brevet slik ut – med skravering for nokså faste formlar:

Til alle menn som dette brevet ser og høyrer, sender Andres Trondsson, Sigurd Jonsson og Serker Ivarsson Guds og si helsing og gjer kjent at me var til stades i Stavika, som ligg i Fræna åtting og i Vågøy kyrkjesokn, krossmessedagen om hausten i tjuetjende året av riket at vår vørdelege herre konge Eirik – med Guds nåde konge for Norge, svenskar og danskar. Me såg og høyrde på at Gudrid Hallsteinsdotter gjorde kjent det for oss at Trond Eiriksson, husbonden hennar, selte til Hallkjell Jonsson halvfemte øyresbol med jord i Myrbostad med tun og tufter, holt og hage, vatn og fiskeplassar og med alle dei delar og fordelar som ligg og har lege til [jorda] frå gammal og ny tid utafør og innafor garden, fritt og lovleg og kravlaust frå kvar mann. //Frå førnemnte Trond Eiriksson og hans arvingar og til førnemnte Hallkjell Jonsson// til evig odel og æveleg eigedom for han og arvingane hans etter han. Kunngjorde Gudrid Hallsteinsdotter at oftnemnte Hallkjell hadde betalt første pengan og den siste og alle [pengane] der imellom etter det som i avtalen deira var fastsett. Til sant vitnemål om dette sette me segla våre for dette brevet som gjort var den dagen og året som før er sagt.

I dette brevet finn me òg dei faste formlane, som me såg i forrige dokumentet. Men her blir formlane for innvikla for skrivaren. Skrivaren er ikkje nemnt direkte, men det går fram av ordet «me» at han er ein av dei tre som var vitne til handelen. Opningsformelen går bra med opplysningar om stad, deltakarar og tidfesting. Men når Andres, Sigurd eller Serker skal føye til det juridiske formularet som viser til alle rettane som er knytt til jorda, går det i surr. Formularet er jo langt, og skrivaren føler vel at det er blitt uklårt kva nye personar det er som skal få tilført desse rettane, og han set difor inn midt i formelen ein repetisjon av kven som er seljar og kjøpar endå det står presist nok lenger oppe. Denne oppattakinga er markert med // i omsettinga.

Denne handelen gjeld 4,5 øyresbol, dvs. godt over eit mål jord. Salssummen ikkje er nemnt denne gongen; det viktige er at alt no er oppgjort.

## 6. Tidfestingane

Me kan legge merke til at desse dokumenta ikkje blir tidfesta med årstal. Sjølv om tidsrekninga med år etter Kristi fødsel blei oppretta på 500-talet (av munken Dionysius i Roma) og vann fram tidleg i Sør-Europa, blei ho ikkje innarbeidd før seint i Norden. I brev blir det ikkje vanleg før langt utpå 1400-talet å vise til eit herrens år, altså *anno domini* + eit eller anna tal. Det folk tidfesta med fram til då, var å vise til kor lenge det var gått av regjeringstida åt den aktuelle kongen.

Difor heiter det altså «i åttande» eller «i syttande året åt vår vørdelege herre Magnus» osv., som me såg i dei to første dokumenta. Når me så veit at denne Magnus blei konge i 1319, kan me rekne ut resten og komme til 1327 og 1336. Dette er Magnus 5. Eriksson (1316–1374), som blei første kongen etter at kongeætta frå Harald Hårfagre døydde ut på mannssida. Morfaren, den sonelause Håkon 5. Magnusson, døydde i 1319, og då måtte ein altså gå til den vesle dottersonen på tre år for å finne ein mannsperson med nok av rette blodet. Mora, Ingebjørg, var blitt gift med den svenske hertugen Erik, og sonen Magnus blei same året òg konge i Sverige. Dermed var Norge altså komme i kongeunion med Sverige då dei to første breva blei skrivne. Difor står det «med Guds miskunn konge over Norge, svenskar og Skåne». Maktpolitisk på riksnivå var tida litt kaotisk; f.eks. var Skåne på denne tida eigentleg eit dansk område, men Magnus – dvs. formynderane hans – hadde kjøpt dette området og sat med det ein del år. Ni år etter heiter det «konge



over Norge, svenskar og gotar». Skåne tok dei altså ikkje med, men dei presiserte 'gotane' denne gongen, truleg fordi det hadde vore upresist om begrepet Sverige omfatta Götaland, for det samla svenske kongedømmet var nokså nytt på denne tida.

Denne storpolitikken var neppe noko bøndene engasjerte seg i; deira kontakt med den offentlege statsstyringa var avgrensa til dei avgiftene futen kom og henta med visse mellomrom. Men dei fekk nok nyheitene om kongeskifta og maktområdet åt kongane. Dei måtte faktisk òg følgje godt med i kva tid på året kongen kom til makta, for «årsskifta» skjedde då ikkje ved nyttår! Og det stilte ein del krav til historiekunnskapane åt dei seinare lesarane når dei skulle lese gamle dokument.

I siste brevet er me komne inn i tida for kongeunionen mellom alle tre skandinaviske rika, den såkalla Kalmarunionen, som blei formalisert i 1397 med Erik av Pommeren som konge. Han var blitt godkjent som kong i Norge allereie i 1389, og i dokumentet er han altså omtalt som «konge for Norge, svenskar og danskar». I denne unionen dominerte Danmark. Så langt i historia var me altså komne då tingfolka samla seg i stua i Stavika i 1412. Norge var eit lutfattig land, og det minka med norske styringsmenn. Etter kvart sette kongen inn fleire og fleire danske overmenn, slik at det blei merkande at makta låg i København.

Me ser av siste dokumentet at dei òg tidfestar dagen med å vise til ein merkedag, altså krossmessa om hausten. Dei daterte ikkje til dato og månad før på 1500-talet. Merkedagane var det folk orienterte seg etter i arbeidsåret; her hjelpte prestane i kyrkja til med å halde orden på tida, og dessutan var det vanleg å ha primstavar med hakk i for kvar dag og med gjenkjennelege merke ved visse dagar. Slik kunne ein ordne seg praktisk.

Krossmessedagen om hausten er 14. september; i tillegg er det ei krossmesse om våren, nemleg 3. mai. Krossmessa om våren var til minne om at keisarmora Helena på 300-talet skal ha funne att krossen Jesus blei spikra til, og krossmessa om hausten gjaldt ein kross som keisar Heraklios av Bysants vann att frå persarane i 628. Men kva no folket i Stavika i 1412 visste akkurat om det kyrkjehistoriske, er usikkert. Kanskje noko blei fortalt i kyrkja, men viktigare for dei var det vel at dei skulle hugse ved den første krossmessa å ha sett opp alle gjerde og stengt alle grinder, for no begynte beitesesongen. Ved krossmessa om hausten skulle grindene opnast att, og no burde haustonna òg vere avslutta. Kort og godt svært praktiske merkedagar, nærast 'påminningsdagar'!

Og krossmessedagen om hausten kunne dei då nettopp ta seg tid til å samlast til tingmøte.

Vågøy-brevet er skrivi søndagen før kyndelsmesse. Kyndelsmessa var 2. februar, for då bar ein lys (= kyndlar) i kyrkja til minne om då Jesusbarnet blei vist fram i templet førti dagar gammalt. Dette var ein stemningsfull dag i den stormfulle mørketida. Dagen blei faktisk halden oppe i kyrkja fram til 1771.

## 7. Personane og namna

Hermund i 1336-brevet er første presten me veit om i Vågøy-kyrkja. Det einaste me veit om han, er akkurat dette at han var til stades i 1336 og skreiv dette brevet. Slik er det med dei andre personane som er nemnt òg. Dei dukkar opp berre ein gong i kjeldene våre, med unntak av presten Benedikt Eiriksson, som altså handla til seg jord i Haukåsen i 1336. Han var prest ved Krosskyrkja på Veøya, og frå 1343 har me eit dokument (DN I 285) han skreiv om ein gardhandel der stormannen og drottseten Erling Vidkunsson (som åtte det store Giske-godset) kjøpte til seg på Sogge i Romsdalen.

Dei fleste personnamna me finn i desse tre dokumenta, er gangbare i vår tid òg. Det gjeld Arnbjørn (Bøyna) og Gunnar (Sande), Ragnvald (Jendem), Olav (Hestad), Kolbein (Hoem), Nikolas eller Nikolaus (Eidem), Andres eller Andreas, Benedikt eller Bendik, Eilin, Eirik, Gudrid, Hallkjell, Sigurd og Trond. Men Skjøring, Mald, Kug og Sverker kjenner me ikkje frå nyare tid. Eivind Vågslid (1988: 328) meiner namnet Skjøring kjem av *Skorung* og betyr 'gjæv mann'. Det er brukt litt rundt om i Norden fram til 1500-talet, og i Romsdal møter me faktisk to på 1300-talet, for i 1364 møter me namnet igjen, og etter 37 år er det neppe same mannen.

*Kug* er eit svært sjeldan namn i middelalderen. Far åt denne Hallkjell frå 1327 er einaste mannen me kjenner i Norge med dette namnet (Vågslid 1988: 226), som truleg betyr 'den som har makt og tvingar' (jf. *å kue*), altså innhaldsmessig ikkje det finaste namnet å bere heller. *Serker* var òg lite brukt så seint i middelalderen; det skal opphavleg ha heitt Svartgeirr, som betyr 'svart spyd' (Vågslid 1988: 347).

*Mald* er registrert berre i dette eine dokumentet og er merkeleg. Etersom ein finn skrivemåtar som Maldfred for det me i dag kjenner som Målfrid, kan det vere førsteleddet i det namnet som er skilt ut som eige namn. Dette leddet kjem truleg av ordet *malm*, som konkret



er brukt om malmen i treet, og i overført betydning viser det til 'den beste' (Vågslid 1988: 245)

Det var ikkje stadnamn i første brevet. I dei to andre finn me nokre, og nettopp her møter me dei òg for aller første gong i historia. Me kan dermed slå sikkert fast at desse gardane er minst så gamle som dokumentet. Ut frå andre historiske kunnskapar kan me så resonnerer oss fram til at dei sannsynlegvis òg er ein del eldre. Desse kjeldene er dessutan nyttige, for skrivemåtane her kan hjelpe oss til å tolke namna, jf. f.eks. *Hjalmvíkum*, *Jøndheimum*, *Heðinsstøðum*, *Eiðheimi*. Etter 1400-talet, då dansk språk blei teke i bruk som dokumentspråk, blei skrivemåtane svært forvanska og dei blir vanskelege å bruke til nøyaktige tolkingar. Skrivemåten i eksempla her, hjelper oss til å forstå at Hjelvik-namnet har å gjere med ein spiss haug nær garden (jf. *hjel*), at førstedelen av Jendem kjem av det 'som stig opp i vêret' (jf. Sandøy 1990: 20) og andreleddet er *heim*, at Hestad ikkje har med *hest* å gjere, men med det gamle personnamnet Hedin, og at den gamle gardsnamnforma *Eim* (jf. framdeles *Eimsskiftet*) faktisk har med eidet å gjere (altså mellom Haukåsen og Klempertåsen, eit eid som blei brukt til ferdsel frå Frænfjorden og over til Skjellbreia og vidare til Hustad).

## 8. Språket

I dokumenta frå 1327 og 1336 er me komne fram mot slutten av gammalnorsk tid og det me kallar høgmiddelalderen. Siste brevet er blitt til i seinmiddelalderen. Kva kan me så lese ut om dialekten frå desse gamle dokumenta? Språket i dei to første dokumenta er eigentleg traust gammaldags norrønt. Talemålet i desse bygdene ser ut til å ha vore svært konservativt utover 1300-talet. Her er knapt nokon bøyings-«feil» i forhold til det klassiske idealet. Ein ser derimot truleg merke etter særdrag frå tida før det klassiske, nemleg ein eksta e-lyd og ein ekstra å-lyd, som ein reknar med hadde forsvunne elles i landet i hundreåret før.

Men me ser tendensar til nye dialektdrag. Her oppdagar me i andre og tredje dokumentet at pronomenet *me* er brukt i første person fleirtal. På denne tida lydte det *mér* (bokstavert *mer* og *meer*). Dessutan får begge Arnbjørn-ane tydeleg nok namnet uttalt med *nnj* – slik me i dag uttalar *bjørn* som *bjønnj*. Det ser me av skrivemåten med *nn*. (At namnet i breva lyder *Arnbinne* med *i* i staden for *jø*, kjem av at dialekten framdeles gjennomførte ei innvikla kasusbøying, og då skulle det vere slik i dativ.)

Parallelt med overgangen til *nnj* er utviklinga frå *rl* til *llj*. Den ser me i namnet Erling, som allereie på 1300-talet tydeleg blei kalla *Elljing*. (I dokumentet er han skriven som *Ællingge* – i dativ.)

Elles oppdagar ein i 1336 kanskje første belegget på den spesielle utviklinga at gammal *æ* og *é* går saman i éin vokal i romsdalsk, nemleg *é*. I dag kjenner me det frå at både *fer* i notid av 'å fare' og *fær* (= 'får') i notid av 'å få' blir uttalt likt og med trong e-lyd. Dessutan seier me *lere, pere, skreme* osv. for *lære, pære, skræme* osv. Eksempellet i brevet frå 1336 er *efueleg-*, altså uttalen *eveleg* for det som andre nordmenn på den tida uttalte *æveleg*. Det kjenner me framleis til.

I romsdalsk har det vore vanleg å seie *kjøfte* osv., dvs. at *pt* er blitt til *ft*. Denne forandringa i dialekten ser me eit eksempel på alt før svartedauden, for bak skrivemåten me finn i dokumentet frå 1327, låg uttalen *hevir kjøyft*.

Eit vendepunkt kom snart i den historiske utviklinga, nemleg svartedauden, som spreidde seg i 1349 og 1350, og som blei inngangen til ein lang katastrofe. Det kom mange dødelege sotter dei neste hundre åra, og folketalet gjekk ned til kanskje berre ein tredel i løpet av seinmiddelalderen, altså tida fram til reformasjonen i 1536. Språkleg kom det òg til å skje ein del, men neppe rett etter svartedauden, for den verka ikkje direkte på språket. Men samfunnsomlegginga førte til ein del folkeflyttingar, og dei må ha forandra språket etter kvart, for dialektblandingar skaper nye dialektar. Slikt tek tid, men dokumentet frå Stavika viser at litt var begynt å skje med språket i 1412, men ikkje mykje.

Skrivaren her kunne tilhøyre andre generasjonen etter svartedauden dersom me reknar med at den gjennomsnittlege levealderen var svært låg, og at det dessutan ikkje fanst briller, slik at få var lese- og skriveføre lenger enn til godt opp i 40-årsalderen.

Skrivaren frå 1412 var ikkje stø i dei gamle kasusbøyingane. Det går fram at han ikkje har noka kjensle for genitiv, slik at når ein formel blir lang, greier han ikkje å gjennomføre kasusmarkeringa allstad, som i «rikiis waars wyrdalekx herra konongh Eirik medar gudes naad Noreges Suea ok Dana konongar». Her skulle han ha skrive både *kononghs Eiriks* midt i og *konongs* til slutt. Då ville det likne på den tilsvarande formelen i breva frå 1327 og 1336. Det skribenten sa i dialekten sin, var på denne tida truleg likt med det me seier i dag: «riket åt vår ...», dvs. at han brukte preposisjonen *åt* i staden for den gamle genitiven. Men



slik stod det ikkje i dokumentet han hadde framfor seg som forbilde, og dermed kom han skeivt ut.

I moderne romsdalsk har me dativ i bestemt form (f.eks. *båta* for *båten*), men ikkje i ubestemt (der det heiter berre *båt*). Det ser ut til at dativformene i ubestemte former har begynt å forsvinne på 1400-talet, for det er fleire tilfelle av det i dokumentet vårt: *holt* og *kaup* der ein skulle vente *holte* og *kaupe*. Dialekten vår har i dag òg *r*-lause endingar, jf. *sennje* (= 'sender') og *båta* (= 'båtar'). Ei slik *r*-laus form ser me her i *Þrondason*, som i klassisk norrønt skulle vere *Þróndarson*. Tilsvarande *r*-laust er det òg i eigeomspronomenet *hennæ*, som nok var uttalt i 1412 som i dag, men som etter gammal (og «nytt») skal skrivast *hennar*.

## 9. Middeltalderen og menneska

Gjennom desse dokumenta frå «den mørke fortida» oppdagar me namngitte enkeltpersonar, og historia kan komme oss nærare. Skinnbrevva fortel om hendingar, avtalar og eigeidommar, og dei seier noko om orienteringshorisonten i kvardagen for levande personar for 600-700 år sia. Me kan prøve å utnytte fleire historiske kunnskapar for å tenkje oss inn i forholda dei levde under:

Dei menneska me møtte i dokumenta frå tidleg på 1300-talet, levde under nokså andre vilkår enn dei som kjeldene fortel om frå tidleg på 1400-talet. Dei første levde under stordomstida for Norge. Landet var blitt fredeleg og velorganisert, og folketalet hadde stige jamt samtidig med opprydding av nye gardar. Om ein held seg til etablerte utrekningsmåtar (jf. Sandnes 1968), kan ein komme fram til at det i noverande Fræna kommune – som svarar stort sett til den gamle Vågøy åtting – var 111 gardsbruk, og når ein reknar gjennomsnittshushalda på seks personar, blir folketalet i dette området rundt 666.

Ingen av desse 666 visste kva som skulle komme. Det var rolege tider, og einaste trykket kom frå samfunnseliten, som prøvde å presse mest muleg leigeinntekter ut av jorda. Både småadel og storadel hadde etablert seg i landet, og dei tok inn utalandske motar og begynte å prange med statusen sin. Blant jordeigarane var òg kyrkja, som hadde fått eigarretten til mykje jord ved at folk hadde gitt gåver for å få åndeleg hjelp. Jordbruket var den dominerande næringsvegen; det var relativt liten handel med fisk. Bøndene reiste derimot ut til fiskeværa i sesongane for å hjelpe på matforrådet heime. Alle bøndene nemnt i dei dokumenta me har sett på, hadde nok lege i fiskebuene i Bud og rodd torskefiskja om våren.

Så kom svartedauden i 1349–1350 og dei etterfølgjande pestene. Økonomisk kom ei total omlegging av alt liv; mentalt blei sikkert òg tidene mykje forandra, for når ein såg kor døden spreidde seg kring ein i alle hus, måtte livet arte seg annleis enn i tryggare tider. Folketalet i dette området var i 1412 kanskje redusert til sirka 250. Sjukdommane hadde herja i alle bygder, og dei herja framdeles. Når stavikingane såg seg rundt, såg dei at somme gardar var folketomme, det kom ingen røyk frå dei fleste husa. Det meste var til nedfalls, husa begynte å sige saman, og snart skulle ein berre sjå tuftene. Landet var blitt endå meir grisgrendt. Bøndene lét dyra beite på nabojord, som no var blitt til det ein kalla øydegard. Det må ha vore ei deprimerande stemning. Søsken, ektemakar og born var tekne av sotta, og risikoen var stor for kvar enkelt for å stryke med i morgon. Det einaste gledelege var at jordleigene hadde gått ned – for no var det så mykje ledig jord. Det siste gjorde nok at somme flytta på seg dit dei kunne kjøpe billig og meir lettdriven jord. Kanskje hadde folk frå dalane kring Dovre allereie no slått seg ned på nabogardane åt Andres, Sigurd og Serker. Det ville ikkje verke urimeleg om det var nettopp no at det kom ein sterk språkpåverknad som gjorde romsdalsdialekten til den blandinga mellom aust og vest som han er i dag.

Ute ved kysten utvikla det seg ein annan optimisme: Fiskehandelen tok seg opp og prisane auka. Hansaen hadde skapt grunnlag for større fiskeeksport slik at fiskeria kunne bli heilårsarbeid og einaste inntektskjelda for somme. Kring 1520 var fiskeprisen «ekstremt høg i forhold til f.eks. importert korn. Den som i Bergen byttet til seg korn mot fisk, kunne håve inn en «kalorigevinst» på flere hundre prosent», fortel Audun Dybdahl (1981: 7). Sosialt førte høgkonjunkturen for fiskeridistrikta til ei ustabil tid. Fiskeværa begynte å vekse fram, slike som Bud, som kring 1500 hadde fått eit folketal av fastbuande på faktisk over 100, sirka ein tredel av folketalet i heile Vågøy åtting. Dit var det freistande å flytte. På Bjørnsund kom dei fastbuande litt seinare.

Siste dokumentet me såg på, blei altså skrive i ei underleg tid som må ha vore prega av store menneskelege påkjenningar, men med ein liten glimt av optimisme. Dei seks personane som sat rundt bordet i Stavika og streva med å formalisere jordsalet, skimta mulegheiter – om dei sjølve berre overlevde neste pest.



## Litteratur

- DN = *Diplomatarium Norvegicum* I–XXII. Christiania : P. T. Mallings Forlagshandel, 1847-1995.
- Dybdahl, Audun. 1981. *Tiendepengeskatten 1520 som kilde til formuesforhold i det nordafjelske Norge*. (Rapport 1981: 6.) Bodø: Nordland distriktshøgskole.
- Helle, Knut. 1964. *Norge blir en stat 1130–1319*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Helle, Knut. 1972. *Konge & gode menn i norsk riksstyring ca. 1150–1319*. Oslo: Universitetsforlaget.
- KLNM = *Kulturhistorisk leksikon for nordiske middelalder*. Oslo: Gyldendal 1956–78.
- Rygh, O[luf]. 1908. *Norske Gaardnavne. Romsdals Amt*. Kristiania 1908.
- Sandnes, Jørn. 1968. Garder, bruk og folketall i Norge i høgmiddelalderen. I: *Historisk tidsskrift* 1968 s. 261–292.
- Sandøy, Helge. 1990. Eldste namna og eldste busetnaden i Fræna kommune. Namn og busetnad før reformasjonen. I: *Gammalt frå Fræna 1990*. Elnesvågen, s. 7-38.
- Vågslid, Eivind. 1988. *Norderlenske fyrenamn – Namnebok*. Eidsvoll: Eigen utgjevnad.
- Vågslid, Eivind. 1989. *Norske skrivarar i millomalderen*. Oslo: Eigen utgjevnad.